

Styreleders tale til AT Skog SA sitt årsmøte 2022

Kjære alle saman!

Vi er samla i dag for å gjere opp status, drøfte resultata frå året som har gått og sjå framover. AT Skog er i kraftig vekst og pilene for skogbruket peiker oppover. Samtidig ligg det eit dystert bakteppe som påverkar oss alle. Russlands invasjon av Ukraina er fyrst og fremst ei humanitær katastrofe, men situasjonen skapar også stor usikkerheit. For skognæringa, som i all hovudsak er avhengig av internasjonal handel og marknadsutvikling, påverkar situasjonen oss. Vi er inne i urolege tider og mange er bekymra for prisstigning, matsikkerhet, krigsrisiko og energikrise. Med dette som utgangspunkt skal vi som skogeigarar jobbe for at vår næring har ei positiv utvikling. Skogbruk er svært langsiktig. Valg vi gjer i dag kan fort få konsekvensar langt fram i tid. Det er derfor veldig hyggeleg, til trass for dei utfordringane vi står midt oppe i, å kunne konstatere at skognæringa opplever vekst og utvikling og at AT Skog er ein leiande aktør i denne utviklinga.

Strategisk utvikling

I ein verden som endrar seg der utfordringane er mange, er det svært viktig at vi har ein god kurs for AT skuta – eller strategi - som det heiter på fagspråket. Eg vil starte med dette i dag fordi det er viktig for meg og for styret å gje våre medlemmer og dykk som utsendingar eit bilde på korleis vi tenker. Det er også viktig for styret å få fram den raude tråden i ein stadig større og meir kompleks organisasjon. Vi har ein plan og vi har gode rutiner og retningslinjer for å handtere kompleksitet og risiko. Denne våren har eg vore ein del ute og besøkt årsmøta i skogeigarlaga. Det er alltid kjekt. Når eg har fortalt om utviklinga i AT Skog, har eg tatt utgangspunkt i verdier. At verdier er viktig – langsiktige verdier. AT Skog og skogeigarsamvirket vi er ein del av, er bygd opp rundt ein idé om at vi i fellesskap skal sikre og utvikle våre skogverdier. Vi har tatt utgangspunkt i at skogeigarskap er ei økonomisk næring og samvirkets oppgåve er å gje

skogressursen verdi. Eigedomane verdi. Skogbruk er svært langsiktig. Investeringar ein gjer i dag, kjem fyrst til inntekt om mange tiår. I det perspektivet er det særleg viktig at vi sikrar langsiktig verdiskaping. Frå starten av handla samvirke om å sikre avsetning, stå opp mot kjøparmakta, sikre ein konkurransedyktig pris og ikkje minst garanti for at ein faktisk fekk oppgjør for tømmeret ein levera. Sidan har samvirke utvikla seg. Det same har skogeigaren. Frå ei tid der mange skogeigarar var yrkesaktive i skogen og hadde egne tilsette og eige utstyr, til i dag der dei aller fleste ønskjer eit totaltilbod for drift av skogen sin. I ein medlemsundersøkelse vi gjennomførte hausten 2021 spurte vi medlemmane våre kvifor dei er med i AT Skog. Den desidert største svarkategorien, med heile 64,5 %, svara at hovudgrunnen var «tryggheten med at AT Skog kan ordne alt det praktiske når jeg trenger det». Den nest største kategorien, med heile 50 %, var dei som la vekt på skogeigarsamvirkets langsiktige perspektiv. Dette er viktig informasjon. Tilsvarande var det svært hyggeleg at nær 80 % av dei spurte vil anbefale andre å bli medlem. Når styret legg strategien for AT Skog framover har vi tatt omsyn til dette. Vi har lagt stor vekt på å utvikle gode tenestetilbod. Vi har sikra ein effektiv verdikjede frå stubbe til marked. Vi har tilbod som dekker alt i frå skogeigaren som vil gjere alle oppgåver sjølv og kun ha ein salskanal, til skogeigaren som ønskjer profesjonell hjelp til all forvaltning frå A til Å.

MEN – god forvaltning, trygg avsetning og gode tenestetilbod er ikkje tilstrekkeleg for å sikre skogens verdier. Skal tømmer ha ein verdi, må det finnast eit marked som vil betale for produktet. Er det få kjøperar blir prisen låg. Er det ingen kjøperar har tømmeret ingen verdi. Er det mange kjøperar blir det konkurranse, auka etterspørsel og med det høgare prisar. Dersom industrien som kjøper tømmeret i tillegg kan lage produkt av høg verdi som mange vil ha, går betalingsevnen opp og verdien på skogen blir større. Desse kjensgjerningane har vore heilt sentrale for styrets strategi og dei tiltaka vi har gjort i 2021. Dette er også sentralt for den vidare utviklinga.

Ting tar tid...

Skognæringa var i ein svært krevande situasjon for ein ti års tid sidan.

Marknaden, industrikundane våre, vart avvikla i stor stil. Mange tenkte at dette var slutten for eit lønsamt skogbruk. I løpet av få år mista vi 60 % av marknaden for massevirke. Prisane sank fort og etterspørselen gjekk ned. Ei mørk tid. Sidan den gong har AT Skog jobba systematisk for å betre vilkåra for våre medlemmer. På kort sikt handla det mykje om å finne nye kundar utanfor landets grenser. Vi fekk bygd infrastruktur og etablerte Viken AT Market for å handtere eksport.

Utan gode kundar utanfor Norge ville vi hatt ei heilt anna næring og heilt andre prisar. Neste steg var arbeidet med å betre marknaden, auke etterspørsel etter trebaserte produkt. Dette er ein viktig kamp. Sørge for at trebaserte produkt er ettertrakta. Bruk av tre i bygg er eit godt døme. Dette har vi, saman med fleire, satsa systematisk og lenge på, og lykkast veldig bra. I dag er det ei klar oppfatning at tre har positive verknader for å redusere klimautslepp, er økonomisk lønsamt å bruke og gir betre inn klima. Forbruket av tre per innbyggjar i Norge har nær dobla seg på 20 år. Dette skjer ikke automatisk. Politisk og marknadsmessig påverkningsarbeid har vore prioritert.

Neste ledd var ein meir aktiv eigenaktivitet. Etter mykje møye kom vi oss ut av passive industrieigarskap i mellom anna Moelven, og fekk frigjort kapital. Det fører fram til notid og strategien vi la for snart to år sidan. Sterkare og direkte eigarskap i eigen industri. Kvifor, tenker mange – blir ein ikkje sittande på begge sider av forhandlingsbordet? Snarare tvert om, meiner eg. Ved å sikre eit mangfald av kundar aukar vi etterspørselen etter tømmer. Hadde AT Skog sagt nei til å drive Telemarksbruket i Bø, ville vi tatt ut 80.000 furukubikk som måtte selgast til andre kundar. Det ville ført til lågare etterspørsel og press på pris. Med AT Skog som eigar kan vi gjere motsett. Vi investerer i bruket slik at det kan foredle ytterlegare 50.000 kubikk i løpet av 2022. Det aukar etterspørselen lokalt, det bidrar til auka pris og det skapar verdiar for alle.

Frå å ha vore langt bak i prissamanlikninga nasjonalt for få år sidan, er vi no framme i tetsjiktet. Dette handlar om etterspørsel og konkurranse om tømmeret. Det handlar om at våre kundar får meirverdi – at vi klarar å levere noko dei treng. På kvalitet, på tid, på dimensjon, på lengde. Det handlar om volum. At vi kan tilby forutsigbare og store volum i fellesskap. Det handlar om at vi må vere til å stole på – at volum vi har lova å levere faktisk kjem. Og aller viktigast – vi som medlemmer må oppleve at det er bra å levere tømmer, vi skal ta beslutning om hogst og vi skal velge AT Skog som vårt verktøy.

Eg brukar av og til metaforen frå solnedgang til soloppgang om vår næring. 1. kvartal 2022 vart det, i følge SSB, avvirka meir tømmer enn nokon sinne, og den nominelle prisen har aldri vore så høg. Det blir litt feil å sjå på nominell kroneverdi, den tar ikkje med seg prisauken – men vi er på rett veg. I tillegg skaper vi verdier i industrien vi no eig, som kan gå tilbake til oss eigarar. Som vi sa i fjor, er det eit klart mål at vi skal føre verdier tilbake til skogeigar dersom vi gjer det bra ut i verdikjeda. Det gjorde vi i fjor. Det gjer vi også i år. AT Skog som konsern passera i 2021 over 2,1 milliardar i omsetning. Konsernet hadde eit driftsresultat på omlag 220 millionar. Mykje av dette er trekt opp i morselskapet AT Skog SA, og ein stor del av det er foreslått delt ut, enten direkte som etterbetaling, som forrentning av andelskapital eller som avsetting til etterbetalingsfond. Vi skaper verdier i fellesskap og verdiane kjem dei som brukar AT Skog – som samhandlar – til gode.

Vi er i starten av ein strategiperiode. Vi har klare ambisjonar for vidare vekst. Det er vidareført i 2022 og nye planar ligg på bordet. Eg må sei at eg er særleg glad for at vi nærmar oss ei mogleg investering i det fyrste nye anlegget for bruk av massevirke i Norge på svært lang tid. Norsk Skogsmelasse kan bli eit nytt viktig bein å stå på, og som gjer at vi kan vri noko av eksporten heim og skape nye verdier. AT Skog er, som det vil gå fram av rekneskapen, svært solide og har framleis stor økonomisk kraft til å skape utvikling. Gode disposisjonar og teft for finansiering har gitt oss ein industridivisjon som er verdifull, utan at vi har

svekka vår finansielle evne på noko vis, snarare tvert om. Dette er eit viktig fundament for vidare utvikling.

Så for å avslutte denne bolken – vi skapar verdier, vi gjer det i fellesskap og vi legg grunnlag for ei langsiktig og lønsam næring i vårt område. Det er vår hovudoppgåve og det skal vi fortsette med.

Så korleis ser det ut i glaskula. Kva trur vi om framtida ?

Krigen i Ukraina og den generelle energikrisa påverkar oss. Etterspørselen etter energivirke og råstoff aukar kraftig. Dette gir seg utslag i auka etterspørsel og auka prisar. Det er sannsynleg at prisnivået vi har i dag vil halde seg og sannsynlegvis auke. Samstundes skal ein vere klar over at ingenting veks inn i himmelen. Vi har aukande renter, kostnadane for å bygge har eksplodert – ikkje bare på trelast. Arbeidsløysa er låg og lønningar aukar. I sum gjer dette at verksemdar vil slite med lønsemd og ting kan bremse opp. Vi veit at krigen i Europa vil vere negativt for økonomisk utvikling på sikt. Vi må ta høgde for at det kan kome ein nedgang i etterspørsel av trebaserte produkt fordi den generelle veksten går ned. Vi kan ikkje satse på at alt skal fortsette på superfart. Men skognæringa er ein av vinnarane. Vi representerer eit råstoff som løysar mange utfordringar. Vi kan bidra til å løyse klimautfordringane. Vi kan erstatte ikkje fornybar energi med bioenergi. Biodrivstoff frå tre «stjeler» ikkje frå det globale matfatet i ei tid der ein også fryktar matvaremangel.

Eg trur derfor tida er overmogen for å tenke gjennom vårt ansvar som skogeigarar. Forvaltar vi areala våre godt nok. Sikrar vi god produksjon ? Det kjem til å vere god lønsemd i å produsere tømmer. Sannsynlegvis aukande lønsemd. Kva då med alle areala som ikkje produserer optimalt. Som ikkje er planta eller regulert. Som burde vore tynna ? Kva om skogbruk blir veldig lønsamt – kva gjer vi då?

AT Skog har over tid jobba med eit tenestetilbod som heiter Bedre Skog, som skal kunne tilby eit totalkonsept. Eg meiner vi må vidareutvikle dette. Vi må ta inn

over oss at eit stort fleirtall av våre eigarar ønskjer heilskapleg tilbod. Vi må utvikle meir komplette produkt, ha tilgjengeleg arbeidskraft og bistå med tilrettelegging for planlegging og finansiering. I dette bildet er kunnskap viktig. Vi må satse meir på å gje våre eigarar god evne til å planlegge, bestille og gjerne utføre arbeid i eigen skog. Her vil eg trekke fram skogeigarlaga som sentrale ressursar. Vi har så vidt kome i gang med ei ny samarbeidsavtale, som eg håpar vil stimulere til auka aktivitet, der vi har særleg fokus på kunnskap og kompetansebyggande aktivitetar.

Eg kunne slutta her. Pilene peikar oppover, la oss satse for fullt med vidare satsing og ei fornya tru på skogressursen – med eit sterkt skogeigarsamvirke som verktøy. Dessverre opplever vi at det er sterke krefter som ønskjer å legge band på denne utviklinga. Som mange veit var eg fram til i fjor leiar av Norges Skogeigarforbund og har framleis eit brennande engasjement for det næringspolitiske arbeidet. Eg følgjer feltet nøye gjennom styret og må medgje at det ligg mange utfordringar i korleis storsamfunnet oppfattar vår næring.

Skognæringa har brei politisk forankring i Norge og vi har ivaretatt prinsippet om friheit under ansvar. Men vi ska vere klar over at mange ønskjer å sjå oss i korta og begrense aktiviteten. Globalt vert det snakka som ei naturkrise i samme andedrag som klimakrisa. Ei rekke politikkprosessar i EU, som klimapolitikk herunder LULUCF, strategi for biodiversitet, skogstrategi, taxonomi og mange fleir, legg premissar og påverkar oss. Dette må vi ta omsyn til. Vi kan ikkje rekne med at samfunnet vil akseptere ei skognæring som er ein trussel for biologisk mangfald, og som ikkje tar vare på sine naturverdiar. Eg meiner det ikkje er noko naturkrise i Norge. Eg meiner vi har god dokumentasjon på at skogbruk ikkje trugar det biologiske mangfaldet i Norge. Men mange meiner det motsette.

Vårt bolverk mot synsing og «fake news» i skogbruket har vore vår miljøsertifisering. Sidan 1998 har stort sett heile det norske skogbruket vore sertifisert etter standardar for eit berekraftig skogbruk – PEFC. Med tredjepartsrevisjon får vi kontinuerleg ei stadfesting på at vi følgjer reglane, og

klar tilbakemelding dersom noko er feil. I dag er det ein absolutt forutsetning for å få omsett tømmer. I dette perspektivet er det gledeleg at vi no nyleg har kome fram til ny semje om ein revidert PEFC-skogstandar. Standarden har vore revidert fleire gonger. Denne gongen er det særleg gledeleg at ein har funne kompromiss, som også viktige miljøorganisasjonar har stilt seg bak. Det har kosta. Vi må rekne med å ta nye og meir omfattande omsyn. Men dette er heilt nødvendig. Skal vi halde på vår råderett, må vi ha aksept frå samfunnet. Det leder meg til mitt aller siste punkt – rekruttering.

Kampen om arbeidskraft og kompetanse spissar seg til. I takt med at store årskull går ut av arbeidslivet dei neste åra, må vi kjempe om gode hovud frå relativt mindre årskull. Eg er glad for at skognæringa er i vekst, oppnår gode resultat, er ein del av klimaløysinga og har eit godt omdømme i miljøraker. Det er viktige premisser for at ungdom skal velge oss. Eg har gleda av å lede Velg Skog, næringas eige rekrutteringsinitiativ. Her møter ein mange elevar og studentar som vil inn i vår bransje. Kanskje noko av det viktigaste vi gjer framover, er å ta vare på desse. Legge til rette for at skognæringa er spennande og attraktiv. Og ikkje minst passe på at dei vi allereie har i eigen organisasjon finn det attraktivt å bli. Eg vil derfor avslutte med å takke alle våre tilsette i AT Skog. De gjer ein kjempejobb og er heilt sentrale i den vekst og utvikling vi no er ein del av. Vi nærmar oss 300 personar, som jobbar for oss i ulike delar av organisasjonen. I AT Skog, på Hasås, på Eikås, Lundgrens eller Telemarksbruket. Ein fantastisk gjeng for å skape verdiar – våre verdiar – skogverdiar. Takk også til alle tillitsvalde og engasjerte medlemmer som gjer ein stor innsats og bidreg til at vi har ei positiv utvikling. Og til resten av styret i AT, som både er eit triveleg og svært kompetent kollegium. AT Skog er lagarbeid – lagarbeid for å bygge verdiar!

Takk for merksemda!

Olav A. Veum

Styreleiar